



Kommunereform

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

15/399-32-ØH-
FE - 002

Dato:

24.02.2016

Kommunereform, referat frå møte i prosjektgruppa 23.02.16

Til stades frå prosjektgruppa:

Marit Solheim, Øyvind Bang-Olsen, Børge Tvedt, Elin Enebakk, Wenche Kvalvik, Trond Ueland, Bente Nesse, Håkon Loftheim, Ole John Østenstad, Gunn Åmdal Mongstad (for Erik Askeland), Torill Anita Segtnan, Ola Hovland og Øystein Høyvik.

Fråfall prosjektgruppa:

Per Arne Tveit, Terje Heggheim, Rolf Bjarne Sund, Helge Følid, Stian Jakobsen og Erik Askeland.

Andre til stades:

Kåre Træen og Rolf Sanne-Gundersen.

Utsendt dagsorden:

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 12.02.16
2. Noko som må følgjast opp frå del 1?
3. Nytt frå kommunane?
4. Informasjonsfoldar v/ Rolf Sanne-Gundersen
5. Annonse v/ Rolf Sanne-Gundersen
6. Rådgevande folkerøysting v/ Øystein Høyvik
7. Innbyggjarundersøking v/ Øystein Høyvik
8. Saksutgreiing april 2016 v/ Øystein Høyvik
9. Nytt inntektssystem
10. Møteplan
11. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 12.02.16

- Godkjent

Noko som må følgjast opp frå del 1 (møte i styringsgruppa)?

- Ikkje spesielle forhold som krev oppfølging

Nytt frå kommunane?

- Flora skal ha ny kommunestyrehandsaming 23.02.16 om røystealternativa
- Solund kommune skal ha ny formannskapshandsaming 25.02.16 om spørsmåla i ny innbyggjarundersøking.

Informasjonsfoldar

- Rolf Sanne-Gundersen informerte om arbeidet
- I postkassane 10.03.16
- Frist for innsending, korrekturlesing mv er torsdag 25.02.16.

Annonse

- Rolf Sanne-Gundersen informerte om arbeidet som vil skje i tråd med tidlegare vedtak
- I avisene 19.03.16
- Frist for korrekturlesing av annonse mv blir sett av Rolf Sanne-Gundersen.

Rådgjevande folkerøysting

- Øystein Høyvik informerte om arbeidet som skjer i regi av nedsett arbeidsgruppe
- Arbeidsgruppa får fullmakt til å utforme røystesetlane (og kor alle kommunane fortrinnsvis vel eitt røystealternativ pr ark)
- Arbeidsgruppa får fullmakt til å vurdere ein trykking skal skje i eigen eller kjøpt regi.

Innbyggjarundersøking

- Øystein Høyvik på vegne av kommunane Førde, Fjaler og Solund har gjort avtale med Opinion om gjennomføring
- Vidare avklaringar skjer direkte mellom Opinion og den enkelte kommune.

Saksutgreiing april 2016

- Prosjektsekretariatet får i oppgåve å til møte 18.03.16 ha utarbeidd forslag til felles saksmal som baserer seg på:
 - Dei fire måla med kommunereforma:
 - Gode og likeverdige tenester til innbyggerane
 - Heilskaplege og samordna samfunnsutvikling
 - Bærekraftige og robuste kommunar
 - Styrka lokaldemokrati
 - Dei 10 kriteria for god kommunestruktur:
 - Tilstrekkelig kapasitet
 - Relevant kompetanse
 - Tilstrekkelig distanse
 - Effektiv tenesteproduksjon
 - Økonomisk soliditet
 - Valfridom
 - Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
 - Høy politisk deltaking
 - Lokal politisk styring
 - Lokal identitet

og som alle samanslåingsalternativa (også 0-alternativet) skal målast i høve.

Nytt inntektssystem

- Basert på KS sine berekningar får prosjektsekretariatet i oppgåve å utarbeide oversikt over økonomiske konsekvensar mv for dei ulike samanslåingsalternativa.
- Denne oversikta skal publiserast på prosjektet si heimeside prosjektsunnfjord.no

Møteplan

- Prosjektgruppemøte 04.03.16 går ut
- Styringsgruppemøte 04.03.16 blir flytta til 18.03.16

Eventuelt

- Øystein Høyvik informerte om status for møte med ungdomsråda 24.03.16

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn
og Fjordane v/ Kåre
Træen
Styringsgruppa